



KYSTVERKET

Midt-Norge

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Postboks 4710 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2017/2945-2

Arkiv nr.:
413.2

Saksbehandlar:
Tormod Hjørungnes Engen


Dato:
19.09.2017

Fråsegn - Oppstart av marint vern i havområdet Kråkvågsvaet - Grandefjæra - Bjugnfjorden i Ørland og Bjugn kommuner - Sør Trøndelag fylke

Vi viser til dykkar brev datert 26.06.2017 om oppstart av ovannemnde marine vernearbeid.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Samferdselsdepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning og sjøverts ferdsle. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 nr 19 mm*. Føremålet med lova er å sørge for trygg ferdsle, framkommeleg farvatn og ei best mogleg planlegging, utbygging og drift av hamner og farleier.

Vår vurdering



I det skisserte verneplanområdet har Kystverket 83 navigasjonsinstallasjonar (lys og sjømerker). I tillegg har Kystverket moloar og kaianlegg i 3 fiskerihamner, Uthaug, Garten og Kråkvåg. For å trygge ferdsla og skipstrafikken i farleier, hamner og farvatn er Kystverket avhengig av å kunne nyinstallere og vedlikehalde installasjonar og anlegg på ein rask, effektiv og økonomisk måte.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket er difor oppteken av at verneplanen tek omsyn til dette og at verneforskrifta vert utforma på ein slik måte slik at unødvendig bruk av tid, ressursar og kostnadar i arbeidet med Kystverket sine installasjonar og anlegg vert unngått.

Kystverket har elles ikkje særskilt å merke til vernearbeidet for det aktuelle området.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bjugn kommune	Rådhuset	7160	BJUGN
Ørland kommune	Postboks 401	7129	BREKSTAD
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM